



Notat

Dato: 17.03.2015
Arkivsak: 2014/14567-25
Saksbehandlar: ROABREI

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Roald Breistein

Partsbrev - Selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS - Revisjonsrapport

Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 4/15 i møte 10.3.15:

«Saksprotokoll i fylkestinget - 10.03.2015

Øyvind Hardeland gjekk frå som ugild fordi han er styremedlem i Fastlandssamband Halsnøy AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 54 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Fastlandssamband Halsnøy AS, ber fylkestinget om at:

Fylkesrådmannen syter for å:

1. Sikre at styrerepresentantar og folkevalde får tilbod om tilstrekkeleg opplæring, i samsvar med KS sine tilrådingar.
2. Stille krav til selskapsstyret om å etablere styreinstruks og instruks for dagleg leiing, rutinar for eigenevaluering, styreopplæring, styreseminar, årleg plan for styret sitt arbeid og samla utgreiing i årsrapport, i samsvar med KS sine tilrådingar.
3. Utarbeide retningslinjer for val av styrerepresentantar og utøving av styreverv i samsvar med vedtak i fylkestinget.
4. Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Fastlandssamband Halsnøy AS syter for å:

5. *Innføre følgjande praksisar tilrådd av KS:*
 - *Utarbeide styreinstruks*
 - *Gjennomføre eigenevaluering for styret*
 - *Tilbod om opplæring for styrerepresentantar*
 - *Gjennomføre styreseminar med fokus på roller, ansvar og oppgåver*
 - *Utarbeide årleg plan for styret sitt arbeid*
 - *Slutte seg til KS sitt styrevervregister*
6. *Gjennomgå selskapet sine system og rutinar for innkjøp og sikre at innkjøp blir gjennomført i samsvar med regelverket om offentlege anskaffingar.*
7. *Legge arkivforskrifta til grunn for føring av selskapet sin postjournal.*
8. *Utarbeide skriftlege rutinar for budsjettering og oppfølging av budsjett, som inkluderer retningslinjer for rapportering om avvik frå budsjett.*
9. *Lage ein handlingsplan innan 01.06.15, som syner kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»*

Påskrift frå sekretariatet:

Vi gjer for ordens skuld merksam på at et er punkt 1 til 4 i vedtaket som gjeld fylkesrådmannen.

Kopi til:

ORGANISASJONSAVDELINGA